

Møtebok 5 -25

tysdag 6.mai 2025

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Nils Otto Espeland, Elisabeth Jacobsen, Aksel Lygre, Gerda Bonde, Elisabeth G.Løkling

Sak 43 – 2025 Godkjenning av møtebok frå 7.april og innkalling.

Vedtak: Innkalling og møtebok er godkjent

Sak 44 – 2025 Oppfølging av tidlegare saker

***Oppfølging av temakveld 16.01.2025 - forfylgde kristne.** Diakoninemda har drøfta saka. Forslag om at Åpne dører deltek på ei gudsteneste, til dømes 7.desember. Kan det vera aktuelt å invitere inn ein av våre nye landsmenn?

***Nådegavekurs. Kvar står saka?**

Arbeidet er i gong. Program kjem etter kvart.

***Utstyrsskap – kvar står saka?**

Leif Magne Fylkesnes er starta med arbeidet.

***Bilete av prestane til våpenhuset – inga endring**

***Kort evaluering av KN-aksjon**

Alt gjekk greitt. Lurt å sette opp liste med konfirmantane på førehand. Mest mogeleg klar kvelden før. Nesten alle fekk tildelt to rundar. Bra resultat, 54900kr.

Kan med fordel bruke Bømlo – nytt for å få ut info.

***Kort evaluering av temakveld med Menneskeverd 10.4.**

Interessant kveld.

***Kort evaluering av stille veke/påske**

Godt besøk på skjærtorsdag. Moster kyrkje ønsker å få 1.påskedag anna kvart år, minst.

Viktig å nytta dei gamle påskesongane.

‘Kort evaluering av konfirmantgudsteneste + fest 27.4.

Konfirmantane og Martha gjorde ein fin jobb. Fin song av Heidi Rolfsnes.
Til neste år må ein sjekka at komitear er på plass i god tid, og kven som skal kalla inn til første møte.

***Dugnad i våpenhus og vaskerom**

Dato: 10.06. kl.17.00

Rydding i ulike rom. Me treng bil med hengar.

Hans Magne stiller med hengar.

Sak 45 – 2025 Oversikt over arrangementa vidare

Konfirmasjon 10.-11.mai. 17.mai i Moster Amfi. Pinsedag 8.6. Moster Amfi.
Me drøftar kva som trengst å førebuast og gjerast.

Vedtak: Kyrkjevertane, Elisabeth Jacobsen og Rune Sivertsen, deler ut program og tel pengar på 17.mai.

Pinsedag 8.6: Elisabeth Jacobsen og Rune Sivertsener kyrkjevertar saman med nokre frå andre sokn Dei møter 1,5 time før. Rune tek med nattverdsett, vin, brød og kvitteringsblokk. Aksel tek med messehakel og prosesjonskors. Rune går gjennom arbeidslista og fordeler oppgåver mellom kyrkjevertane.

Sak 46 – 2025 Årsmøtet – oppfylging av innspel om støttelag: kva, kven og korleis?

Vedtak: Hans Magne arbeidar vidare med å få ei plass ei arbeidsgruppe på 4 stk.

Sak 47 – 2025 Møtedatoar for soknerådet hausten 2025.

Vedtak: Desse datoane vart vedtatt: 19/8; 16/9; 14/10; 11/11; 9/12.

Ny møtetid: klokka 18.30

Sak 48 – 2025 Sommaravslutting i soknerådet 10.juni.

Servering, stad m.m.

Vedtak: stad: Ytre Røksund 9, sjå eige skriv

Sak 49 – 2025: Tilbod om lift og måling av kyrkjetårn.

Vedtak: Soknerådet takkar ja til lån av lift.

Skrivaren melder tilbake til kyrkjeverje

Sak 50 – 2025 Referat og meldingar

Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv

TOL-utvalet er blitt til KUL- utvalet

Diakoniutvalet: hadde oppe desse sakene: forfølgde kristne. Minnegudsteneste,

Pilgrimstur, pilgrimsvandring for born – kjem referat

Fellesråd og administrasjon

Estlandskomiteen

Komité for hefte om nytt orgel. Hefte til trykking 1.mai.

Soknerådsleiar

Sokneprest